



Trond Lekva Myklebust i sandtaket der han ynskjer å ta opp att drifta. (Foto. Ola Matti Mathisen)


Trond Lekva Myklebust har no søkt kommunen om å få kjøpa fem mål i Børnes og arealet skal brukast til utskipingsplass for sand. Han har lenge hatt planar om å ta opp att drifta i Uskedal Sandtak, som ligg på Døssland. Behandlinga av reguleringsplanen har teke tid og det er uvisst når den eventuelt kan bli godkjend.

For å klara å skyta ut tomta i Børnes ynskjer Lekva Myklebust også å disponera nabotomta. Der vil han mellomlagra massene som vert skote ut. Det er ynskjeleg å disponera denne tomta i fem år eller til hovdetomta er opparbeida. Då vil kommunen få att tomta i opparbeida og planert stand.

Lekva Myklebust ynskjer å koma i gong med opparbeiding av tomta slik at den kan vera klar då reguleringsplana for sandtaket vert godkjend og for ikkje å opphalda nabotomta lenger enn nødvendig, sidan det er fleire som er interessert i denne, skriv han i søknaden til kommunen.

Han har før sendt inn søknad om rammeløyve for veg og lagringsområde for utskipingsplass og det er ikkje kome inn merknader frå naboar på dette tiltaket, opplyser han. Lekva Myklebust presiserer at denne søknaden gjeld veg fram til og utsprenging av lagergrøp og planert område mot opplessingsarrangement for båt. Arrangement for lasting av båtar er ikkje klarlagd og vert ikkje omsøkt no.

Av Ola Matti Mathisen



Sidesnitt (Mot nord)



Sett forfra (Mot aust)

Dette er ei ideskisse som viser bygget (i blått) som sanden skal mellomlagrast i før den vert lasta på båt.